



Gebyrregulativ, vatn og avlaup

Rammer for gebyrfastsetjing:

- Gebyra skal ikkje overstige kommunens kostnader, men kan avregnast over ein 4 års periode.
- Overslag over venta kostnader (drifts- og kapitalkostnader) for dei nærmaste 4 åra skal ligge føre som grunnlag for fastsetjing av storleik (vedteken økonomiplan 2008-2011).
- Gebyrberekening er basert på Lov om kommunale vass- og kloakkavgifter av 31.05.1974 og nasjonale/kommunale forskrifter om vass- og avlaupsgebyr.
- Alle prisar skal leggast til 25% mva.

1. Årsgebyr

1.1 Abonnementsgebyr

Kommunens totale årsinntekter fra abonnementsgebyra skal dekke fylgjande del av kommunens samla kostnader for høvesvis vass- og/ eller avlaupstenestene.

Alle abonnentar i same kategori betaler likt abonnementsgebyr. Abonnementsgebyret vert fastsett med ein sum pr. år for fylgjande kategoeriar:

Abonnmentsgebyr	Vatn	Avlaup
Hytte/fritidsbustad	Kr. 600,- pr. år	Kr. 335,- pr. år
Bustad	Kr. 1.050,- pr. år	Kr. 590,- pr. år
Næringseigedom	Kr. 1.500,- pr. år	Kr. 1.000,- pr. år

1.2 Forbruksgebyr

Forbruksgebyret vert berekna på grunnlag av målt eller stipulert forbruk, begge basert på einingspris nedanfor:

Einingspris

Einingspris for vatn:	Einingspris for avlaup :
8,40 kr/m³	6,00 kr/m³

Målt forbruk

Forbruksgebyret vert basert på faktisk vassforbruk (vassmålar) og pris pr. m³. Avlaupsmengde vert rekna lik brukt vassmengde. Unntak frå dette må dokumenterast av abonnenten.

Forbruksgebyr ved bruk av vassmålar:

- Vatn : Einingspris [kr/m³] x Målt forbruk [m³]
- Avlaup : Einingspris [kr/m³] x Målt forbruk [m³]

Stipulert forbruk

Forbruksgebyret vert utrekna etter stipulert forbruk og pris pr. m³.

Stipulert forbruk [m³] vert utrekna slik:

Bruksareal BRA [m²] x spesifikt forbruk [m³/m²] der:

- Arealet vert utrekna som bruksareal BRA [m²] etter NS 3940
- Spesifikt forbruk er fastsett til 0,9 m³/m²

Forbruksgebyr; bustader:

- Vatn : Einingspris [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]
- Avlaup : Einingspris [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³]

Forbruksgebyr; *hytter/fritidshus*:

- Vatn : Einingspris [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x venta brukstid₁)
- Avlaup : Einingspris [kr/m³] x Stipulert forbruk [m³] x venta brukstid₁)

1) Venta brukstid vert sett som ein andel av året etter fylgjande modell:

- Utleiehytter : Venta brukstid = 6 mnd. (50 % av året) dvs. faktor 0,5

- Andre hytter/fritidshus : Venta brukstid = 6mnd. (50 % av året) dvs. faktor 0,5

2. Eingongsgebyr for tilknytning

Eingongsgebyr skal betalast ved tilknytning til offentleg vass- og/ eller avlaupsnett

	Vatn	Avlaup
Eingongsgebyr for tilknytning av hytte/ fritidshus, einingar/seksjonar og bustad	50,00 kr/m² BRA	100,00 kr/m² BRA
Eingongsgebyr for tilknytning av næringsseigedom	Kr. 25.000	Kr. 40.000

3. Årleg vassmålarleige

Kommunen eig vassmålar for bustad, gardsbruk i drift, næringsbygg, hytte og fritidsbustader. Disse abonnentane betaler alle kostnader knytta til installering. Vedlikehald av målar m.m. vert dekkja av vassverket. Det skal betalast ein årleg leige for å dekke desse kostnadene, som varierer med målar sin størrelse etter fylgjande modell:

- T.o.m. 25 mm : kr **230,-** pr. år
- 26 - 50 mm : kr **395,-** pr. år
- 51 -100 mm : kr **975,-** pr. år
- 125 -150 mm : kr **1.550,-** pr. år

Målarleige forfell til betaling på 1. termin.

Andre abonnentar kjøper og kostar sjølv sin(e) vassmålar(ar), som skal installerast og vedlikehaldast etter kommunen sin tilvisning.

4. Tilleggsegebyr

Avlesingsgebyr for vassmålar. **Kr. 600,-** Dersom kommunen må lese av.

5. Midlertidig bruk av vatn og avlaup

Eigar/fester av eigedom som midlertidig vert knytta til kommunen sitt vatn- og avlaupsanlegg skal betale abonnementsgebyr og forbruksgebyr etter gjeldande regler for næringsverksemd, sjå pkt. 1.1 og 1.2.